



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Referat styremøte

Stad: Sunnfjord Museum/Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Dato: Fredag 7. oktober 2022

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Hanne Oftedal, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Kristin Maurstad, styremedlem Gunhild Berge Stang, styremedlem Jan Arve Lund, styremedlem Hilde Wiik.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim, kommunikasjonsrådgjevar Henning Hellebust

Program:

KI 1000: Oppmøte Sunnfjord Museum, orientering om ny driftsbygning, kva er gjort, kva står att?
KI 1045: Flytting til Førde, kunstmuseet første etasje
KI 1100: Styremøte med orinteringar og saker

Orienteringar

- Korte munnlege oppdateringar
 - Evaluering av organisasjonsmodell
 - Vedtektsendringar , status
 - Jakob Sande – senter for forteljekunst
 - Informasjons- og drøftingsmøte
 - “Livet på arenaen”
 - Kunstsenterfunksjonen ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Statsbudsjettet 2023
- Status fellesmagasinet
- Status andre byggeprosjekt
 - Holvikejekta
 - Verkstadbygg Kystmuseet
 - Driftsbygningar Kystmuseet
 - Driftsbygning Kvernsteinsparken
 - Sogn Fjordmuseum



MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

06.10.2022 3



Saker til handsaming:

Sak 32/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Administrasjonen gjer greie for korleis sakene er følgde opp i møtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 33/2022 Referat frå styremøte 15. juni 2022

Vedtak:

Referatet frå styremøte 15. juni blir godkjent

Sak 34/2022 Rekneskap per 31. august og prognose 2022 (orienteringssak) Sakshandsamar: Janne Gimmestad

Kommentarar til rekneskapen pr 31. august:

Resultat isolert i august er på budsjett. Rekneskapen hittil i år pr. august viser eit overskot på MNOK 2 262, som er ca 3, 5 million betre enn budsjett. Kommentar under er på resultat hittil i år.

Inntekter

Inntektsida visar eit positivt avvik rekneskap og budsjett med kr 786 546.

Som kjent så fekk vi ei ekstraordinær løyving frå Kulturdepartementet i samband med covid-19 på totalt kr 460 000, og sidan sist rapportering har vi fått løyvd og utbetalt tilskot frå gåveforsterkningsordninga med kroner 308 877. Dette i samband med gåve til bygg Holvikejekta frå private aktørar i 2021. Ingen av disse postene er med i budsjett for 2022 og forklarar i stor grad avvik mellom rekneskap og budsjett.

Eigeninntektene våre ligg under budsjett med 520 000, som i hovudsak skuldast mindre sal av billetter enn føresett i budsjett, og har naturleg nok samanheng med besøkstal. I avviksforklaringa vert manglande inntekter på dette området utlikna med tilsvarande prosjektinntektsføringar, som har en tilsvarande storleik på kostnadssida i rekneskapen.

Kostnader

Varekostnad – ingen betydelege avvik

Lønskostnader – Underforbruk på ca MNOK 1,2 som i hovudsak kan tilskrивast refusjon på permisjonar og sjukelønn som ikkje er budsjettert.



Kostnader lokale – Underforbruk på ca NOK 777', der hovudårsaka til underforbruk ligg i lågare straumkostnader enn budsjettert grunna avrekning frå gjaldane straumstøtte.

Reparasjon og vedlikehald – Underforbruk på ca NOK 500', som skriv seg til budsjetterte kostnader på driftsbygg som ikkje er påløpt. Det er i den budsjetterte summen tatt høgde for at det kan oppstå akutte situasjonar på driftssida som gjer av vi må ty til strakstiltak.

Prognose

Prognose basert på tall hittil i år samt budsjetterte tal for resten av året, viser ingen endring av avvik på årsbasis. Det er ubearbeidde tal og vi tek sikte på å innføre bearbeidde prognoser for neste år pr. april og pr. august. Dette vil vere meir kvalitetssikra tal, som vil gje eit meir korrekt bilde av status.

Vedtak:

Styret tek ein rekneskapsrapport pr august med omsetning på 45 900', som er 790' over budsjett. Resultatet viser 2 262' kr i overskot, mot budsjett – 1 275'.

Sak 35/2022 Nøkkeltal personal (orienteringssak)

Sakshandsamar: Bjørg Espe Bolseth




Q 2 2022

Type frávær	Frávær i %	(Q 1 2022)
Eigenmelding	1,02	(3,24)
Sjukemelding < 16 dg	1,07	(1,61)
Sjukemelding > 16 dg	2,88	(1,62)
Totalfrávær	4,97	(6,76)

Løpande 31.07.21-31.08.22

Type frávær	Frávær i %	(2021)
Eigenmelding	1,88	(1,19)
Sjukemelding < 16 dg	0,89	(0,79)
Sjukemelding > 16 dg	2,16	(1,53)
Totalfrávær	4,93	(3,51)

Utvikling over tid



Vedtak:

Styret vurderer eit totalfråver på 4,97% som akseptabelt, særleg i lys av at det er synkende etter det relativt høve fråveret i første kvartal. Styret merkjer seg særleg eit lågt korttidsfråver på 1,07%. Styret tek orienteringa til vitande



Sak 36/2022 Strategiplan (orienteringssak)

Sakshandsamar: Henning Hellebust

Henning Hellebust gjorde greier for arbeidet og resultatene så langt. Innspel fra styret vart notert. Hovudintrykket er at arbeidet er på eit godt spor.

Vedtak:

Styret tek det framlagde til etterretning og godkjenner dette som grunnlag for vidare prosess med sikte på vedtak i styremøte i desember 2022.

Sak 37/2022 Eigenevaluering styret (vedtakssak)

Sakshandsamar: Jan Heggheim

Styret fekk presentert oppsummering av eigenevaluering

Vedtak:

Styret tek resultatene som lagt fram til vitende, og ber om at evalueringa tek inn eit spørsmål om medlemmens eiga rolle i styret og noko om den uformelle delen av styrearbeidet.

Sak 38/2022 Årshjul og møteplan 2023 (vedtakssak)

Sakshandsamar: Jan Heggheim

Vedtak:

Møteplan 2022:

Styret gjorde følgjande endring:

Styret møttest på Sandane torsdag den 8. desember, og det vert invitert til ein julemiddag om kvelden med høve til overnatting for dei som treng det.

Møteplan 2023:

Sandane måndag 27. februar

Balestrand fredag 21. april

Loen onsdag 14. og torsdag 15. juni

Førde og Jølster fredag 27. oktober

Stad vert å bestemme fredag 8. desember

Styret godkjenner elles framlagt årshjul med datoar og saker. Møta vert kalla inn via MS Outlook

Sak 39/2022 Personalhandbok

Sakshandsamar: Bjørg Espe Bolseth

Vedtak:

Styret ser at det ikkje er hensiktsmessig å godkjenne personalhandboka, sidan der vil vere mange og hyppige endringar. Styret tek informasjonen om arbeidet med personalhandbok til etterretning, og ber om regelmessige oppdateringar.



Sak 40/2022 Besøksstatistikk pr 31. august 2022 (orienteringssak)

Sakshandsamar: Torunn Skarstad

Årsprognosen for besøk ligg rundt 40 000, mot 34 000 i 2021. Det er likevel langt svakare enn 68 000 frå 2019. Trenden er lik over heile landet: Besøkstala aukar seinare enn vi hadde sett føre oss.

Vedtak:

Styret tek auken på 18% frå 2021 til 2022 til vitende, men ynskjer ein breiare diskusjon om tiltak på besøkssida ved årsskiftet

Sak 40/2022 Samlingsrevisjon kulturlandskap (orienteringssak)

Sakshandsamar: Synnøve S. Bjørset

Vedtak:

Styret noterer seg ambisjonar og framdriftsplan. Rapporten skal ligge føre 24. februar 2023. Styret tek saka til vitende.

Sak 41/2022 Eventuelt

Nestleiar Hanne B Oftedal hadde på førehand bede om ei orientering om kva innspel Musea i Sogn og Fjordane har til «Regional plan for kultur, idrett og inkludering». Adm dir Jan Heggheim ga ei orientering om tema og innhald i innspel frå MiSF. Desse blir gitt på to høyringsmøte, i Sogndal den 3. oktober ved Aud Ross Solberg, og i Florø den 11. oktober ved Jan Heggheim.



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Referat styremøte

Stad: Digitalt møte
Dato: 24. oktober kl 1600, som avtalt i møte 7. oktober 2022

Styret:
Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Hanne Oftedal, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Kristin Maurstad, styremedlem Gunhild Berge Stang, styremedlem Jan Arve Lund, styremedlem Hilde Wiik.

Frå administrasjonen:
Leiargruppa: Janne Gimmestad, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim

Vedlegg:
Prosjektskildring Fellesmagasinet i Sogn og Fjordane frå 2019
Kalkyle frå Åsen og Øvrelid, tilsendt 20. oktober 2022
Kopi av notat til involverte om prosjektorganisering

Saker til handsaming:

Sak 42/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 43/2022 Investerings sak Fellesmagasinet

Vedtak:
Styret i Musea i Sogn og Fjordane gjer vedtak om oppstart av arbeidet med fellesmagasin i den nedlagde fabrikkbygningen, tidlegare Ramstad Eskefabrikk, i Angedalen, gardsnr 25, bruksnr 17 i Sunnfjord kommune.

Formelt vert dette gjort ved å inngå kontakt med hovudentreprenør Åsen og Øvrelid AS, med ei ramme på 62 019 534 kr



Styret baserer seg på ein totalkostnad på 76 152 834 kr, og finansiering på 76 152 834 kr. Tidlegare er 70 000 000 kr finansiert gjennom eksterne bidrag og løyvingar frå Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane gjennom egne styrevedtak.

Styret gjer med dette vedtak om restfinansiering av prosjektet med 6 152 000. Summen vert å ta frå disponibel eigenkapital i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 8 pages before this page
Dokumentet inneholder 8 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 8 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 8 sider før denne side

Detta dokument innehåller 8 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende